

## **Styremøte 15.08.23**

Til stades: Marit, Jomar, Sigurd, Lars Petter, Judith.

### **Sak 1: Aktivitetar, profilering**

Spørsmål om å delta på informasjonsmøte for nye studentar på høgskulen 28.08.23 og spørsmål frå 4H om intro-kurs.

Forslag om å arrangere ein ettermiddag/kveld med aktivitetar for ungdom/studentar. Kjem tilbake til dato og ansvarlege.

I samband med deltaking på ulike aktivitetar og arrangement, kom det forslag om å lage flygeblad med info om klubben og aktivitetar i klubben. Sigurd og Jomar er ansvarlege for dette. Også ønskje om å få laga profileringsartiklar, t.d banner , T-skjorter o.l.

### **Sak 2: Klubbtur**

Bulandet 22. - 24. september:

Marit har bestilt overnatting hos «Liv og lyst» og Pernillestø. Forslag om same opplegg som 2022, også same eigenandel for turen.

Forslag til kubbturar 2024: Gåsvær, Lofoten

### **Sak 3: Økonomi og kurs**

Søknad om midlar frå Gjensidigestiftelsen: «Aktiv fritid for alle 2023». Marit ønskjer innspel til kva vi kan søke om midlar til. Sjå nettsida til Gjensidigestiftelsen.

Midlar til kajakk-skulen: klubben fekk 12 000 kr, dvs ein del mindre enn det var søkt om. Deltakaravgifta bør truleg aukast neste år for å unngå for stort underskot.

Teigen leirstad: gode tilbakemeldingar frå deltakarane. Inntektene blir fordelte mellom klubben og instruktørane.

Kurs:

Diverse kurs for trenarar og medlemmer i styre, m.a. om medlemssystemet KlubbAdmin. Desse kan ein delta på digitalt .Oversikt over kursa og ulike datoar. Aktuelt for fleire i styret.

### **Sak 4: Møteplan hausten 2023**

Styremøte tysdag 5. september.

Saker:

- planlegge haust-dugnad
- klubbkveld
- bassengtrening. Marit kontaktar Førdehuset for treningstider
- avklaring Bulandet (teknikk-kurs?)

Styremøte 31. oktober kl 17

Styremøte 21. november kl 17

Padleplan haust 2023: Lars Petter legg ut padleplanen på Facebook-sida til SKK.